

TYSNES KOMMUNE



EIGARSKAPSMELDING

2013 - 2015

Vedteke i Tysnes kommunestyre 18. juni 2013

DEL I - EIGARSKAP OG SELSKAPSSTYRING

INNLEIING

Bakgrunn for eigarskapsmeldinga:

Kommunestyret sine vedtak i sakene 21/10 og 68/12.

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og føretak. Målet med meldinga er i noka mon å drøfta kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta i selskap, og å få etablert nokre prinsipp for kommunen si eigarstyring. Vidare å sjå på rammene for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar i høve eigarinteressene i selskap. I 2004 fekk kommunelova reglar om selskapskontroll som gjev kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i forhold til eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventingar, mål og strategiar for selskapa.

Det vert tilrådd ei ordning med handsaming/revidering av eigarskapsmeldinga i kommunestyret annan kvart år. Ei slik ordning vil utvikla kommunen som eigar og klårgjera rolledeling mellom eigar og selskap.

Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra. Det er følgeleg viktig at Tysnes kommunestyre aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventingar overfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser. Styret si oppgåve vert så å vidareutvikla strategien og å arbeida for å nå selskapa sine mål.

KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing:

KS Eierforum er eit kompetanseforum i regi av Kommuneneenes Sentralforbund. Forumet har utarbeidd 19 råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Råda går på følgjande tema:

- Obligatorisk opplæring av folkevalde
- Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
- Utarbeiding og revidering av føremål og selskapsstrategi
- Vurderingar og val av selskapsform
- Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
- Plan for selskaps- og forvaltingskontroll
- Samansetjing og funksjon til eigarorgan
- Gjennomføring av eigarmøte
- Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor
- Valkomite for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
- Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra
- Styresamansetjing i konsernmodell
- Oppnemning av vararepresentantar
- Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra

- Kjønnrepresentasjon i styra
- Godtgjering til styremedlemer
- Arbeidsgjevarorganisering
- Etikk og samfunnsansvar
- Rådmannen si rolle i høve kommunale føretak

Tysnes kommune si eigarskapsmelding er systematisert etter KS Eierforum sine råd.

Oppbygging av eigarskapsmeldinga

Meldinga har to deler. Del I presenterer aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for god eigarstyring i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. Del II omtalar selskap som Tysnes kommune eig eller deltek i.

SELSKAPSFORMER I KOMMUNAL SEKTOR

Aktuelle selskapsformer

Kommunane har ulike motiv og behov for å oppretta eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning. Det er stor fridom til å organisera tenestene slik dei ulike kommunane finn det føremålstenleg, anten som del av kommunen som juridisk person eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt.

Det er i hovudsak tre organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd:

- Aksjeselskap etter lov om aksjeselskap
- Interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap
- Føretak etter kommunelova

Eigarstrategi og selskapsform

Det er eigar/kommunen sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk.

Dersom verksemdsdelen er i ein konkurransesituasjon og målet er økonomisk avkastning, talar dette for å velja A/S – forma. Er ønsket politisk og demokratisk kontroll og styring, ja, då bør verksemdsbiten haldast innan den vanlege kommunale organisasjonsstrukturen – eventuelt kan det veljast organisering etter § 27 i kommunelova dersom det går på samarbeid mellom fleire kommunar. For verksemdar som både har eit finansielt og samfunnsmessig fokus, og samstundes er i ein konkurransesituasjon, bør det vurderast om kommunalt føretak kan vera best eigna.

Ein god eigarstrategi for Tysnes kommune vil medverka til å klårgjera kva kommunen ønskjer med selskapa. Ei grundig vurdering og evaluering av føremåla gjer det lettare å vurdere selskapa sine økonomiske og samfunnsmessige resultat. Dette gjev betre informasjon om kostnader og vinst med kommunen sine selskap og det medverkar positivt til å gjera kommunale organ betre skikka til å utøva eigarskap i selskap.

Motiv for selskapsetablering – føremålsklassifisering

I kommunale eigarskapsmeldingar vert ofte eigarskapen gruppert etter kommunen sitt motiv og mål med det einskilde selskapet. Motiv og mål med selskapet får gjerne følgje for korleis eigarstyringa bør innrettast. Måla vil som regel ikkje vera statiske, dei vil kunna endra seg over tid.

I Bergen har byrådet i si eigarmelding kategorisert eigarskapen (strengt) etter føremål. Dei har delt eigarskapen opp i to grupper, der inndelinga sitt hovudkriterium er knytt til kva som er kommunen sitt primære føremål med å vera eigar av verksemdene. – Dersom kommunen si hovudmålsetjing er å oppnå økonomisk avkastning, vert eigarskapen definert som finansiell. Og dersom selskapet vert vurdert som eit gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgåver, vert eigarskapen definert som politisk.

Kommunar i Rogaland, mellom andre Sandnes, nyttar følgjande fem motiv alt etter kva dei ønskjer av selskapa:

Finansielt motivert

Selskap der motiv og hovudgrunngevinga for eigarskapen er høve til økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Føremålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterie for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

Politisk motivert

Hovudgrunngevinga for eigarskapen er eit strategisk val av å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne type eigarskap.

Effektivisering av tenesteproduksjonen

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap som er motivert og grunngeve med at kommunen gjennom desse vil kunna oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

Regionalpolitisk posisjonering

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan og posisjonering for å utløysa statlege midlar/prioriteringar vera ein del av grunngevinga.

* * *

Når Tysnes kommune i framtida skal vurderer moglege selskapsformering eller deltaking i selskap, så bør føremålet relaterast til eitt eller fleire av dei nemnde motiva. Det vil som oftast vera fleire og ulike motiv som ligg bak opprettinga eller deltakinga i eit selskap.

Vurdering og val av selskapsform – konekvens for eigarstyringa

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform. Dette likevel under føresetnad av at ikkje lover og forskrifter set avgrensingar for det definerte oppgåveområdet.

Når det er gjort vedtak om selskapsform, må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsforma. – For kommunale føretak er kommunestyret føretaket sitt øvste organ. For interkommunale selskap vert eigarstyringa utøvd i representantskapen og i aksjeselskap i generalforsamlinga.

Kommunelova fekk i 2004 eit nytt kapittel om internt tilsyn, kontroll og revisjon. Selskapskontroll vart etablert som eit nytt omgrep i lova. Dei nye lovreglane går i korte trekk ut på at kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eig alle aksjane og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin daglege leiar, styret og ekstern revisor. – Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføringa av selskapskontrollen. Kontrollutvalet skal med utgangspunkt i denne planen rapportera til kommunestyret kva kontrollar som er gjennomførte og om resultatane av desse.

RETNINGSLINER FOR EIGARSKAP, LEIING OG KONTROLL AV SELSKAP

Med tilvising til dei nemnde 19 råda som KS Eierforum har utarbeidd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll, vert det i det følgjande gjennomgått prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast til grunn for Tysnes kommune sin eigarskapspolitikk.

1. Obligatorisk opplæring og informasjon til dei folkevalde

Tysnes kommune vil organisera opplæring av dei folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil verta gjennomført som del av den generelle opplæringa av folkevalde. Opplæringa kan vidare knytast til kontrollutvalet si årlege melding om selskapskontroll og kommunestyret si revidering av eigarskapsmeldinga annan kvart år.

2. Utarbeiding av eigarskapsmelding

Tysnes kommune vil utarbeida ei eigarskapsmelding i samsvar med råda frå KS Eierforum. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for såleis å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventingar og føresetnader. Eigarskapsmeldinga skal evaluerast av kommunestyret annan kvart år.

3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Tysnes kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på eigarskapen sin i ulike selskap. Eigarstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for verksemdene sine.

Føremåla med selskapa skal vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er trong for endringar.

4. Vurderingar og val av selskapsform

Eigar har ansvaret for å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, trong for eigarstyring, marknadstilhøva og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, bør eit selskap med avgrensa ansvar vera det mest aktuelle. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigen regi, kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former.

Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, skal følgjande tilhøve vera vurderte i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet:

- Trongen for direkte og reell politisk styring
- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet
- Risikovurdering; gjeld mellom anna økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing med omsyn til blant anna delegasjon av mynde
- Forvaltingslova/offenleglova
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Offentlege innkjøpsreglar
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tilknytning til arbeidsgjevarorganisasjon

5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Tysnes kommune som eigar skal gjera ei særskilt vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Dersom konklusjonen er at så er tilfelle, vil kommunen leggja til grunn at selskapet skal skilja dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda. Dette for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering.

6. Eigardokument som grunnlag for selskaps- og forvaltingskontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert ivaretekne. Kontrollen vert utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltings- og selskapskontroll.

I samsvar med kommunelova § 80 kan kommunestyret vedta kva dokument som skal sendast til kontrollutvalet og revisor som grunnlag for kontrollarbeidet. Kontrollen bør og omfatta korleis eigarstyringa vert utøvd.

Før det vert vedteke nærare reglar for aktuelle eigarstyringsdokument som skal sendast kontrollutvalet, er det naturleg at utvalet kjem med innspel til kva dokument dei treng for å gjennomføra kontrollarbeidet. Kommunen si eigarskapsmelding er eit naturleg dokument.

Kontrollutvalet skal i ein konkret plan for gjennomføring av årleg selskapskontroll gjera greie for innhaldet i selskapskontrollen, korleis rapportetringa skal skje, prioriteringar og tidsrom for gjennomføring av planen.

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret på bakgrunn av utført forvaltings- og selskapskontroll. Kontrollrapportar bør handsamast i kommunestyret samla.

7. Eigarorgan og funksjon

Tysnes kommune vil i hovudsak byggja på etablert praksis ved at:

- Politisk leiing som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant(ar) i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønskje og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamlingar vil til vanleg ordføraren, eller den han/ho gjev fullmakt, representera kommunen.
- Selskap der kommunen har eit uttrykt ønskje eller behov for det, rapporterer periodisk til formannskapet
- Einskilde selskap vert i periodar følgt tettare opp, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål.
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommunen og selskapa, samt at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapa og kommunen utanom dei formelle eigarmøta.
- Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel verta lagt fram for politisk handsaming før eigarmøta finn stad. Tidspunkt for eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre minimum 30 dagar før møte i generalforsamling/representantskap.
- Det politiske organet som har desse sakene til handsaming, gjev styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøtet. Organet kan eventuelt instruera denne personen.
- Kommunen si valnemnd gjer framlegg om kandidatar til styreverv.

8. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor

Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generell og fagspesifikk kompetanse.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er nødvendig for å følgja opp eigar sine forventingar. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er tilstades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventingane til selskapet stå ved lag, og det vert om nødvendig gjeve tilbod om opplæring.

9. Gjennomføring av eigarmøte

Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk og i samsvar med presiseringar som framgår av KS Eierforum si tilråding:

«Anbefalingen om gjennomføring av eiermøter, er en presisering av loven. Styreleder og daglig leder har plikt til å delta på generalforsamlingen i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikke plikt. Revisor har rett til å vere tilstede, og noen ganger plikt når de saker som skal behandles gjør dette nødvendig. For de interkommunale selskapene, har styrets leder og daglig leder plikt til å vere tilstede på representantskapsmøte. Dette gjelder ikke for revisor, men det anbefales å følge aksjelovens regler på dette punkt. Det anbefales at denne retten varsles uavhengig av organisasjonsform. For å sikre en best mulig kommunikasjonslinje, oppfordres det til at kommune/kommunene tilrettelegger for obligatorisk deltakelse for både daglig leder, styrets leder og revisjon uavhengig av organisasjonsform.»

10. Valkomite for utnemning av styre

Formannskapet skal som hovudregel gje tilråding på Tysnes kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med nødvendig kompetanse til å leia selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetjinga av styret bør gjerast utifrå at styret er eit kollegialt organ og det bør veljast med tilvising til formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Valnemnda si tilråding bør grunnjevast. Forvaltingslova sine reglar om habilitet og spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar bør særleg vurderst og utdjupast.

For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, bør det opprettast ein eigen valkomite som speglar eigardelane i selskapet. Leiaren i valnemnda i kommunen representerer til vanleg Tysnes kommune i valkomiteen for interkommunale selskap og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.

11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sjå til og sikra at styrearbeidet fungerer godt, og at styret har nødvendige rutinar for arbeidet sitt i forhold til selskapet si verksemd og storleik. Styreleiar er vidare ansvarleg for at den samla kompetansen i styret vert nytta effektivt, og at kompetansen blant styremedlemene eventuelt vert bygt opp. Som ein generell regel skal alle styremedlemene hå høve til opplæring i styrearbeid.

I styret si årsmelding skal det vektleggjast å gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing.

12. Styresamansetjing i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i dotterselskapa sine styre. Gjev eit dotterselskap tenester til morselskapet i konkurranse med andre, bør det både «leiarmessig» og funksjonelt vera skilje mellom selskapa for å unngå habilitetsutfordringar og rolleblanding i tilbodsprosessar.

13. Oppnemning av vararepresentantar

Tysnes kommune vil som hovudregel ha ei ordning med numerisk valde vararepresentantar til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse. Likeins vil 1. vararepresentant som regel verta invitert til styremøta for å byggja opp under dei to nemnde føremåla.

14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra

Leiande politikarar skal som hovudregel ikkje sitja i selskapsstyra. Dette for å unngå at styra sine medlemmer relativt ofte skal måtta vurderast opp mot forvaltingslova sine reglar om habilitet. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt føremål. Valnemnda skal i si tilråding ha slike forhold med seg og vurderer moglege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltingslova.

15. Kjønnrepresentasjon i styra

Tysnes kommune vil uavhengig av selskapsform arbeida for lik kjønnrepresentasjon i styra.

16. Godtgjering til styremedlemmer m.m.

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i, skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Styreleiar skal generelt godtgjerast særskilt i forhold til styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikna styreforsikring for alle styremedlemene i høve det økonomiske ansvaret dei kan koma i.

Styremedlemmer bør ikkje påta seg oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Alle som tek på seg styreverv i kommunale selskap, bør registrera verva på www.styrevervregister.no

17. Utarbeiding av etiske retningslinjer

Tysnes kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg drift vert forankra og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Selskapsstyra er ansvarlege for å utarbeida og jamleg revidera etiske retningslinjer for samfunnsansvarlg drift.

18. Rådmannen si rolle i kommunale føretak

Rådmannen skal som hovudregel ikkje sitja i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser. Rådmannen og rådmannen sin «stedfortreder» skal ikkje sitja i føretaksstyra.

Rådmannen si samhandlingsrolle ovanfor føretak skal vurderast særskilt ved etablering av føretak.

DEL II – SELSKAPSOVERSYN

Denne delen omtalar selskap som kommunen er heil – eller deleigar i.

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform så sant det ikkje er avgrensingar gjennom lover eller forskrifter for det aktuelle oppgåveområdet. Når kommunen har valt selskapsform, må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokument. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsforma.

For kommunale føretak(KF) er kommunestyret føretaket sitt øvste organ.

For interkommunale selskap(IKS) vert eigarskapen utøvd i representantskapet.

I aksjeselskap(A/S) er generalforsamlinga føretaket sitt øvste organ.

I selskap med begrensa ansvar(BA) er årsmøtet selskapet sitt øvste organ.

Stiftingar er sjølveigande. Det tyder blant anna at kommunestyret ikkje kan utøva eigarskapsmynde direkte. Dei kommunale interessene må utøvast gjennom vedtektene og gjennom dei styremedlemene som er valde av kommunen.

Tysnes kommune har følgjande generelle eigarstrategi:

Langsiktige målsetnader

Selskapa forvaltar offentlege ressursar og er fristilt den kommunale forvaltinga. Dei økonomiske og tenestemessige vala selskapa tek på vegner av eigarane sine skal ha langsiktige mål som berebjelke. Dette inneber blant anna at den langsiktige måloppnåinga skal prioriterast framfor kortsiktig avkasting og ressursforvalting.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar skal sikrast gjennom god arbeidsgjevpolitik, god selskapsskikk, prioritering av miljøvenlege og berekraftige organisasjons- og tenesteløysingar. Eigarane bør vidare ha ei medviten haldning til bruk av selskapa sin kompetanse i forhold til samfunnsutviklingsarbeid generelt.

Synlege selskap

Det er viktig at eigarane og selskapa har ei open line i forhold til innbyggjarane, media, tilsette og omverda - også sett opp mot offenleglova.

For kommunen som eigar inneber dette blant anna å sikra ein open debatt om forvalting av selskapa. Det er i så måte sentralt at forvaltinga av selskapa er synleg og kan etterprøvast.

Så langt som mogleg skal opplysningar om selskapa og forvaltinga av desse praktiserast ope. Dette gjeld likevel ikkje konkurransemessige eller personalmessige spørsmål og opplysningar.

OVERSYN OVER SELSKAP INNANFOR § 80 I KOMMUNELOVA

Det er naturleg å skilja mellom selskap som fell inn under § 80 i kommunelova og andre selskap som Tysnes kommune har eigarskap i.

Selskap som går inn under § 80 er selskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar har 100 % eigarskap i:

Selskap og selskapsform

Eigardel i %

Interkommunalt Arkiv i Hordaland(IKAH) IKS	1,97
Krisesenter Vest IKS	1,65
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	12,5
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk(SIM) IKS	5,57

INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS

Selskapet vart stifta i 2002, og pr 2013 er så godt som alle kommunane i Hordaland eigarar av selskapet.

Deltakarane betaler årlege tilskot til drift av selskapet etter vedtak i representantskapet. Driftstilskotet skal reknast ut etter fordelingsnøkkel vedteken av representantskapet. Eigardelen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av samla innbetalt tilskot og ved innmelding og utmelding.

Eigarstrategien ligg i føremålet med eigarskapen: Å sikra at verdifullt arkivmateriale i Tysnes kommune vert teke vare på som informasjonsskjelde for samtid og framtid og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Selskapet sitt føremål er å arbeida for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert teke vare på og sikra som informasjonsskjelder for samtid og ettertid og gjort tilgjengeleg for allmenta; jf arkivlova § 6.

Sentrale oppgåver for selskapet er å yta deltakarane tenester som vert finansierte gjennom dei årlege driftstilskota:

- Ordning og kategorisering av deltakarane sine eldre arkiv
- Utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane
- Lokale kurs om arkivfaglege emne
- Tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv
- Rettleiing om arkivfaglege spørsmål

Styret skal ha 5 medlemmer.

KRISESENTER VEST IKS

Selskapet vart stifta i 2011. Deltakarane betalar inn årlege tilskot etter vedtak i representantskapet. Eigardelen for kvar deltakar er utrekna i prosent av deltakartilskotet. Selskapet er eigd av 17 kommunar i Hordaland og Rogaland.

Eigarstrategien/føremålet med eigarskapen er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod for kvinner, menn og barn som måtte verta utsette for vald i nære relasjonar.

Selskapsavtalen punkt 4 seier noko om at selskapet på vegner av eigarkommunane skal sikra etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Selskapet skal elles vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i oppfølging av § 2d) i lova. Selskapet har ikkje til føremål å driva verksemd som gjev utbytte til eigarkommunane.

Representantskapsmøte vert halde ein gong i året.

Styret skal ha 5 medlemmer.

SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vart stifta i 1981. Dei 8 eigarkommunane har lik eigardel med 12.5 % kvar. Eigaranne er: Austevoll, Bømlø, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Fusa, Haugesund og Vindafjord er assosierte medlemmer.

Eigarskapsstrategien å fremja nettverksbygging for å utvikla Sunnhordland til det beste for innbyggjarane.

Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Styret skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. – Føremålet med selskapet er vidare utdjupa som følgjer:

- Fremja Sunnhordland sine interessar
- Fremja og samordna tiltaksarbeidet i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og næringsstruktur
- Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
- Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
- Vera pådrivar for kultur- og identitetsskapande tiltaksarbeid
- Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Styret skal ha 3 medlemmer.

Samarbeidsrådet si drift vert finansiert av eigarkommunane med like grunntilskot og eit tilleggstilskot pr innbyggjar. Ein stor del av arbeidsoppgåvene til rådet vert prosjektfinansierte.

Rapporteringsrutinane frå Samarbeidsrådet går i hovudsak på at budsjett, handlingsplanar, rekneskap, årsmelding og møtebøker vert sende til kommunane. Desse dokumenta vert i noka

mon informerte om i formannskapsmøta. Ein del uttalesaker frå Samarbeidsrådet går til formell handsaming i kommunen.

Samarbeidsrådet har fleire roller. Det samordner politiske fellesstrategiar og tiltak for regionen og enkeltkommunar. Rådet har og ei sentral rolle som regionalt tiltaksorgan og næringsutviklar. Det sistnemnde skjer til dels på oppdrag og i samarbeid med fylkeskommunen.

SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK (SIM) IKS

Selskapet vart stifta i 1990. Kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes er eigarar. Deltakarane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til prosentdeling i samsvar med folketalet i kommunane. Selskapet er registrert som morselskap i konsern.

Føremålet med eigarskapen er å sikra publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvenleg og effektiv måte.

I selskapsavtalen kan me blant anna finna dette om føremål:

- Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane
- Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- Der det er naturleg skal selskapet søkja å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar; for eksempel innan attvinning.
- Selskapet har ikkje erverv til føremål.

I selskapsavtalen er mellom anna følgjande nedfelt som sentrale oppgåver:

- Byggja og drifta innsamlingssystem, mottak, attvinningsanlegg, mellomlagring og vidare- sending av spesialavfall og avfall som kan attvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller attvinning.
- Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
- Selskapet skal elles, i nært samarbeid med kommunane, informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
- Selskapet skal vidare i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet etter innbyggjartal. Det er 23 medlemmer i representantskapet, av desse vel Tysnes kommune 2. Medlemene med varamedlemmer vert valde for 4 år.

Styret skal ha eitt medlem pr eigarkommune. Styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år, likevel slik at halvparten står på val etter loddtrekning etter første året.

Kommunane krev inn renovasjonsavgift og avgift for slamtøming frå abonnentar som går inn i ordninga. Gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtøming i kommunane. Det er kommunestyra som fastset gebyra i samsvar med lovverket for slike avgifter.

Selskapet si årsmelding og rekneskap vert oversendt kommunane.

Det vert vidare vist til kommunestyret sitt vedtak i sak 68/12 – Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) – Rapport etter selskapskontroll.

SIM IKS har ansvar for innsamling og drift av forbruksavfall og slam frå ca 56.000 innbyggjarar og 15 – 20.000 hyttebrukarar i eigarkommunane. Dette arbeidet er gebyrfinansiert og skal drivast til sjølvkost.

SIM IKS driv også tenester i konkurranse med private aktørar gjennom dotterselskap:

SIM Næring A/S vart stifta i 1997 og er eit heileigd dotterselskap. Føremålet med selskapet er å tilby verksemder og næringsliv i Sunnhordland og på Haugalandet eit heilskapeleg tilbod innan avfallshandtering.

SIM Transport A/S. – SIM Næring A/S eig 100 % i SIM Transport A/S. Føremålet med selskapet er å tilby private og verksemder i Sunnhordland, på Haugalandet og i Bergensområdet transportløyseringar innan avfallshandtering.

SIM Tankrenovasjon A/S. – SIM Næring A/S eig 63,9 % i SIM Transport A/S. Investerings-selskapet Enviro A/S eig resten. Føremålet med selskapet er å tilby slamtøming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester.

SIM IKS har vidare eigarinteresser i selskapa Slab A/S, Sørvest Varme A/S og Rekom A/S.

ANDRE SELSKAP TYSNES KOMMUNE HAR EIGARINTERESSER I

Det går fram av dokumenta i saka at eigarskapen til Tysnes kommune i det alt vesentlege er samfunns- og sosialpolitisk motivert. Eigarskapen går med andre ord lite mot marknads- og bedriftsøkonomiske tilhøve.

Selskap	Eigardel	Kommentar
Biblioteksentrale AL(BA)	Liten	Føremålet er å vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek
Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap A/S	Liten	Føremålet med selskapet var å realisera

		køyrbart samband mellom Bømlo, Stord og Sveio. Selskapet kan og engasjera seg i andre prosjekt.
Eigenkapitalinnskott i KLP	Liten	Pensjonsordningar som er knytte til KLP.
Tysnes Industri A/S	67,11 %	Vekst - verksemd som kommunen eig saman med private aktørar. T.I. er godkjent for 15 yrkeshemma. Driv vaskeri, montasje- og tre – avdeling. No og ansvarleg for «Tysnesingen».
Tysnes Breiband A/S	4 %	Føremålet er å få bygt ut breiband i kommunen.
Sunnhordlandssambandet A/S	100.000,-	Føremålet er å arbeida for at Tysnes – brua med veganlegg kjem inn i NTP. Når så skjer, skal selskapet arbeida for at Tysnesbrua med veganlegg vert realiserte.
Sunnhordland Industri A/S	Liten	Føremålet er å skapa grunnlag for syssel – setjing av yrkeshemma og mindre arbeidsføre.
Tysnes Kraftlag SA	Liten	Føremål straumlevering til abonnentar i Tysnes. T.K. er eit allmennyttig samvirkeføretak med skiftande medlems- tal og kapital.
Onarheim Vassverk SA	Liten	Føremål: «Uttak fra kilde, rensing og dis- tribusjon av vann». – Kommunen har gjennom dei siste 30 – 40 åra gått inn med ymse tilskott til dei 4 vassverka – både i dei fysiske utbyggingsfasane og seinare ved tilrettelegging av reinse- anlegg.
Tysnes Vassverk SA	Liten	Sjå Onarheim
Uggdal Vasslag SA	Liten	Sjå Onarheim
Lunde Vasslag	Liten	Sjå Onarheim

Utover det som er nemnt har kommunen ymse regionale og interkommunale samarbeid som til dømes gjennom BOF for regionale bade-/friluftsområde, landbruk med kommunane Fusa, Os og Samnanger, skatt med Os, PP – tenester Os, innkjøp i Sunnhordland m.fl.